

# Torsk, tonn og tråling i Barentshavet

Av Odd Nakken

Havforskningsinstituttet

I førre nummer av «Norsk Fiskerinæring» har Thorvald Tande jr. eit intervju med Roar Wolstad om trålfangstar i Barentshavet. Hovudpoenget er at trålfangstane som no vert tekne tyder på at der er mykje meir enn 1 mill. tonn torsk i havet. Eg skal ikkje gå inn i ein diskusjon om det reknestykket som er gjort i artikkelen, men eg skal kort gjere greie for resultatane frå toktet med kommersielle trålarar som vart gjennomført hausten 1990. Toktet kom i stand hausten 1989 – bl.a. etter medverknad frå Thorvald Tande sr. – som eit samarbeid mellom trålarane og Havforskningsinstituttet. For Havforskningsinstituttet er toktet verdfullt fordi:

- Det gjev oss ein framifrå «sjekk» på aldersstrukturen i dei deler av bestanden som er komen inn i fisket.
- Det gjev oss innsyn i korleis fangst per innsatseining i kommersielt norsk trålfiske varierer og tilhøvet mellom fangst/innsats i fisket og våre egne tokt.
- Det gjev trålfiskarane innsyn i våre arbeidsmetodar.

I intern toktrapport (nr. 3, 1991) er resultatane fra hausten 1990 viste. Rapporten er oversendt «Norsk Fiskerinæring» som vedlegg til denne artikkelen. Utfyllande kommentarar til gjennomføringa av toktet og resultatane i rapporten kan gjevast av prosjektleiar Olav Rune Godø dersom det er interesse for det. I det fylgjande gjer eg kort greie for hovudresultatane.

**T**oktet vart gjennomført med 6 trålarar 5.–18. november 1990. 5 av trålarane brukte vanleg kommersiell trål medan 1 brukte «forskningstrål» (reketrål).


Det vart i alt teke 330 trålstasjonar fordelt over heile det «torskaktuelle» området i Barentshavet. 88 av desse stasjonane vart fritt plasserte av skipparane under toktet, resten av stasjonane var utsette på førehand av instituttet sine folk.

Fangstratene varierte sjølvsagt mykje. Dei «fritt» valde stasjonane gav i gjennomsnitt meir enn 4 gongar høgare fangstrater enn dei faste stasjonane. I eit lite område på 71°N og 40°Ø var fangstratene større enn 1000 kg pr. 3 nautiske mil tauedistans. I

relativt store område var fangstratene større enn 200 kg pr. 3 n.m. tauedistans.

Total mengde-indeks av torsk i det undersøkte området er gitt i tabell 1 i rapporten. Den er rekna ut til omlag 550 tusen tonn dersom ein berre brukar faste stasjonar, og i overkant av 1 mill. tonn dersom ein også inkluderer fritt valde stasjonar. Desse tala er indeksar, ikkje absolutte verdiar. Dei kan berre brukast som absolutte verdiar dersom fylgjande føresetnader er oppfylte:

1. All fisk var slik fordelt vertikalt at den var tilgjengeleg for botntrål.
2. Trålane fiska i gjennomsnitt all fisk i ei stripe som var omlag 65 m brei.



Odd Nakken svarer Roar Wolstad, men uten å svare.



F/T "Havstrand" var en av seks trålere som ifjor høst foretok et omfattende lete-tokt etter torsk i Barentshavet. Her redegjør Odd Nakken kort for resultatene.

Ad. 1. Det vil altså vera stasjonar der noko av fisken står for høgt for botntrål, slik at den ikkje kjem med i indeksen.

Ad. 2. Ei effektiv fiskebreidde på omlag 65 m når avstanden mellom tråldørane er målt til 140–180 m, er rimeleg, utifrå dei kunnskapane som finst om dette. Rapporten gir ein liten diskusjon om effektiv fiskebreidde («faktisk sveipeareal») og tilhøve kring dette.

**K**onklusjonen min er: Resultatane frå dette toktet, med kommersielle trålarar og reiskap, gav ikkje fangstrater som tyder på at det er mykje meir torsk i Barentshavet enn det som var venta ut frå bestandsvurderinga hausten 1990. Roar Wolstad og Thorvald Tande jr. meiner at fangstratene som trålarane har hatt i kom-

mersielt fiske no i vår tyder på mykje meir torsk. Det vil i så fall visa seg når neste bestandsvurdering føreligg i november slik at det gir utslag på kvotane i kommande år.

Tilslutt: Det er no stor fisk som utgjer hovedyngda av torskbiomassen i Barentshavet; fisk som er godt tilgjengeleg for fiske med alle reiskapsgrupper og som gir høge fangstrater. Dei to siste åra har kvotane blitt sette lågt og beskatningsgraden er 2–3 gonger mindre enn i 1980-åra. Dersom beskatningsgraden ikkje hadde blitt redusert, kunne ein i år truleg ha fiska det 2–3 doble av kvoten og såleis hatt eit heller godt torskquantum. Eit slikt fangstquantum ville imidlertid reve bort grunnlaget for kommande års fiske og det ville ha redusert gytebestanden for dei neste åra til eit nivå som ville verka uheldig for rekrutteringa.